

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 18.01.2012
Sakhandsamar: **Vidar Roseth**
Saka gjeld: **Overordna rammeavtale mellom Helse Førde HF og kommunane**

Arkivsak

2011/1440/

Styresak 008/2012 A

Styremøte 27.01.2012

Forslag til vedtak

1. Helse Førde HF inngår rammeavtale med dei enkelte kommunane i Sogn og Fjordane i samsvar med framlegg av 01.12.2011 frå koordineringsrådet, med slik endring av 2. setning i pkt 3.1:

Deltakarar frå Helse Førde er styret og adm. direktør. Frå kommunane deltek ein representant frå kvar kommune/fylkeskommunen, primært frå politisk leiing, og i tillegg møter leiaren i rådmannsutvalet i KS. Helse Førde ivaretek saman med KS sekretariatsfunksjonen..

2. Adm. direktør har fullmakt til å inngå delavtalar med kommunane på dei områda som går fram av rammeavtalen pkt 4.

Oppsummering

I samband med samhandlingsreforma og nytt lovverk er det utarbeidd eit framlegg til ny rammeavtale mellom Helse Førde HF og den enkelte kommune i Sogn og Fjordane. Fristen for inngåing av avtalen er sett til 31.01.2012. Det vert vidare arbeidd med delavtalar på nokre område der departementet har sett same frist.

Det vert tilrådd at Helse Førde HF inngår rammeavtale i samsvar med koordineringsrådet sitt framlegg, med ei endring som gjeld dialogmøtet. Det vert vidare tilrådd at adm. direktør inngår aktuelle delavtalar med kommunane.

Fakta

Stortinget vedtok 14.06.2011 ny lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstenestelova). Samstundes vart det vedteke endringar i fleire andre lover, mellom anna i spesialisthelsetenestelova. Lovendringane er gjort gjeldande frå 01.01.2012. Helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og spesialisthelsetenestelova § 2-1 e forpliktar kommunar og regionale helseføretak til å inngå samarbeidsavtale som skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstjenester.

Det er utarbeidd ein nasjonal rettleiar og mal for arbeidet med avtalar.

Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 07.12.2011 å delegere til helseføretaka å inngå og vere part i desse avtalane gjennom følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Vest RHF ber helseføretaka om å inngå og vere part i avtalar med kommunane i opptaksområdet i tråd med spesialisthelsetenestelova § 2-1 e andre ledd og ny helse- og omsorgstenestelov § 6-1.*
2. *Avtalane skal leggjast fram for Helse Vest RHF før endeleg underteikning.*
3. *Dei føringar som går fram av saka skal bli lagt til grunn for arbeide med inngåing av avtalane.*
4. *Helseføretaka må inngå avtalane innan dei fristane som er sett frå Helse- og omsorgsdepartementet.*

Helse- og omsorgsdepartementet har sett 31.01.2012 som frist for å inngå overordna samarbeidsavtale og tenesteavtalar innanfor følgjande fire lovpålagde område:

- Semje om kva helse- og omsorgsoppgåver partane har ansvar for og tiltak partane skal utføre
- Retningslinjer for innlegging i sjukehus
- Retningslinjer for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som ein ventar vil ha behov for kommunale tenester etter utskrivning
- Omforeinte beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda

For dei resterande sju lovpålagde områda er 01.07.2012 sett som frist.

Eit nedsett utval med representantar frå kommunane, Helse Førde og ein brukarrepresentant har gjennomført prosessen i høve rammeavtalen på oppdrag frå koordineringsrådet. Eit utkast til avtale har vore ute til høyring hos partane og andre aktuelle instansar. Koordineringsrådet handsama saka den 01.12.11 på bakgrunn av innkomne høyringsuttalar (jfr sak 31/11).

Koordineringsrådet tilrår at partane inngår vedlagde avtale. Det er Helse Førde HF og den enkelte kommunen som er avtalepartar. Det vil vere vanskeleg å få det fylkesdekkande samhandlingsopplegget til å fungere etter intensjonen dersom dei overordna avtalane mellom helseføretaket og kommunane ikkje er like.

Arbeidet med rammeavtalen bygger i stor grad på ein nasjonal rettleiar og mal og fleire av punkta i avtalen er identiske med den nasjonale malen.

Når det gjeld punktet i rammeavtalen om dialogmøtet, har KS og Helse Førde drøfta dette nærare og i fellesskap kome fram til eit framlegg om slik presisering/ending når det gjeld deltakarar i møtet:

Deltakarar frå Helse Førde er styret og adm. direktør. Frå kommunane deltek ein representant frå kvar kommune/fylkeskommunen, primært frå politisk leiing, og i tillegg møter leiaren i rådmannsutvalet i KS. Helse Førde ivaretek saman med KS sekretariatsfunksjonen.

Når det gjeld den kommunale handsaminga, er det kommunestyret sjølv som etter helse- og omsorgstenestelova må gjere vedtak i saka. På bakgrunn av frist sett av departementet, er det oppmoda om handsaming innan 31.01.2012.

For dei fire områda der departementet har sett krav om nærare avtaleregulering innan 31.01.2012, er status i arbeidet slik:

- *Semje om kva helse- og omsorgsoppgåver partane har ansvar for og tiltak partane skal utføre*
Felles arbeidsgruppe har utarbeidd framlegg til delavtale som vert handsama i fagrådet 26.01.2012 og koordineringsrådet den 30.01.2012, før framlegget går til endeleg handsaming hos partane.
- *Retningsliner for innlegging i sjukehus*
Når det gjeld avtale om tilvising/innlegging, har partane kome til at no gjeldande avtale er tilfredsstillande og at ein opprettheld denne inntil vidare.
- *Retningsliner for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som ein ventar vil ha behov for kommunale tenester etter utskriving*
Felles arbeidsgruppe har utarbeidd framlegg til delavtale som vert handsama i fagrådet 26.01.2012 og koordineringsrådet den 30.01.2012, før framlegget går til endeleg handsaming hos partane.
- *Omforeinte beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda*
Ein overordna avtale om beredskap er innteke som eit eige punkt i rammeavtalen. Felles arbeidsgruppe har utarbeidd framlegg til delavtale om den akuttmedisinske kjeda som vert handsama i fagrådet 26.01.2012 og koordineringsrådet den 30.01.2012, før framlegget går til endeleg handsaming hos partane.

Kommentar

Etter lov om helse- og omsorgstenester er kommunane pålagt å inngå samarbeidsavtale med helseføretaket med eit minimumsinnhald som går fram av § 6-2 i lova. Ein overordna rammeavtale er naudsynt for å etablere samarbeidsformer og samarbeidsorgan og som eit grunnlag for vidare arbeid med meir konkrete delavtalar og prosedyrar.

Det har vore ein relativt grundig prosess i samband med utarbeiding av avtalen, der kommunane og helseføretaket har samarbeidd på ein likeverdig måte. Framlegget som ligg føre er utarbeidd i fellesskap av Helse Førde og representantar for kommunane. Det er viktig at avtalane med kommunane er likelydande, fordi det elles vil vere vanskeleg å få til eit fungerande samarbeidsopplegg, m.a. i høve til samarbeidsorgan.

Sjølv om det kan vere punkt i avtalen der ein primært kunne ønskje ei litt anna formulering, vil ein tilrå å godkjenne avtaleframlegget av 01.12.2011 - med tilrådd presisering/ending av punktet om deltaking i dialogmøtet frå KS/Helse Førde - og inngå avtale med den enkelte kommunen i samsvar med dette. Det vert i denne samanhengen og påpeikt at avtalen skal evaluerast årleg.

I høve til dei ulike delavtalane som skal inngåast framover, vurderer ein det som naturleg at adm. direktør har fullmakt til å inngå desse med kommunane.

Konklusjon

Det vert tilrådd at styret inngår rammeavtale med kommunane i tråd med koordineringsrådet sitt framlegg med omtalte tillegg som gjeld dialogmøtet. Det vert vidare tilrådd at adm. direktør kan inngå aktuelle delavtaler.

VEDLEGG:

Framlegg av 01.01.12 til rammeavtale mellom Helse Førde HF og kommunane i Sogn og Fjordane